

Plenumsmøte i Europaparlamentet: Økonomiske tiltak etter koronakrisa, langtidsbudsjett, sporingapparat og situasjonen i Ungarn

15. mai 2020

- *Europaparlamentet ynskjer ein stor, felles europeisk innsats knytt til økonomisk gjenreising etter koronakrisa og tek også til orde for raskt vedtak av eit langtidsbudsjett basert på større del eigne ressursar*
- *Kommisjonen ventar å kome med framlegg til eit såkalla gjenreisingsinstrument og eit revidert langtidsbudsjett 27. mai*
- *Kommisjonen varslar framlegg til eit separat og forsterka helseprogram i det reviderte langtidsbudsjettet*
- *Bruk av sporingapparat må vere frivillig og ikkje eit vilkår for å reise til andre land i EU*
- *Generell uro for rettsstatsutviklinga i Ungarn, krav om meir offensive tiltak frå Rådet og Kommisjonen og om at utviklinga må føre til reduserte overføringar til landet*
- *Tilslutning til midlertidige reglar for transportsektoren inkludert utsett frist for gjennomføring av to direktiv på jernbaneområdet*

Europaparlamentet møttes denne veka til ein tredagars plenumssesjon i Brussel. Covid-19 og den økonomiske gjenreisinga etter krisa prega sesjonen i eit Europaparlament som likevel nærmar seg noko meir normal drift igjen, jf. også [Europaparlamentets pressemelding om hovudpunkta](#).

Gjenreising og langtidsbudsjett

Parlamentet drøfta onsdag Covid-19-situasjonen og EUs langtidsbudsjett, jf. også [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#). Kommisjonspresident Ursula von der Leyen skisserte nokre av elementa det som blir omtalt som EUs gjenreisingsinstrument etter koronakrisa. Dette referer seg til dei kortsiktige tiltaka for å avhjelpe dei direkte effektane av krisa. Von der Leyen sa dette skal omfatte offentlege investeringar og reformer, tiltak for å fremje private, strategiske investeringar og ekstra satsing for forskning og helse. Dette skal finansierast ved at Kommisjonen låner pengar og midla skal kanalisert gjennom EUs budsjett og program. Ho var forsiktig med å talfeste tiltaka, men understreka at Europaparlamentet vil bli fullt ut involvert i prosessen. Det er venta at Kommisjonen vil presentere eit framlegg til gjenreisingsinstrument saman med eit revidert langtidsbudsjett 27. mai. Det nye langtidsbudsjettet skal gjelde for perioden 2021-2027 og Parlamentet må gje samtykke til budsjettet.

I debatten etterpå var mange i Europaparlamentet opptatt av involvering, behovet for ein ambisjos politik, for raskt vedtak av både instrumentet og nytt budsjett og av at budsjettet i større grad må finansierast med såkalla eigen ressursar. Dette omfattar til dømes inntekter frå avgifter på plast eller utsleppskvoter. Det kom i debatten skarp kritikk av Kina og av at EU har vore naive i tilhøvet til Kina. Det vart elles også teke til orde for å styrke den indre marknaden som eit verktøy i den økonomiske gjenreisinga. Fleire tok også til orde for meir fokus på beredskap og meir autonome verdikjeder i Europa.

Fem av dei sju partigruppene i Europaparlamentet (EPP, S&D, Renew, Dei grøne og ECR) fremja ein [felles resolusjon om gjenreising og langtidsbudsjettet](#). Det var berre ytre venstre (GUE/NGL) og ytre høgre (ID) som ikkje stilte seg bak framlegget. Resolusjonen vart vedteke fredag med 505 mot 119 røyster og 69 som avsto, jf. også [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#).

Resolusjonen tek til orde for ei gjenreisingspakke på 2 trillionar euro og undersrekar at det må løyvast reelle, nye middel. Den viser elles til balansen i langtidsbudsjettet mellom eigne ressursar og storleiken på bidraget frå kvart medlemsland som er basert på brutto

nasjonalinntekt. Motstandarar av å auke finansieringa gjennom egne ressursar er redd for at dette i praksis gir EU skattleggingskompetanse og viser dessutan til at pengane uansett kjem frå medlemslanda. Netto bidragsytarar til EUs budsjett, mellom anna dei nordiske landa, har tradisjonelt vore skeptiske til å auke egne inntekter. Både den danske og svenske regjeringa har tidlegare i år signalisert noko større fleksibilitet til framlegget, jf. [omtale i Stortingets EU/EØS-nytt 29. januar](#) i år.

Mange i Europaparlamentet er uroa for at det ikkje vil bli oppnådd semje om budsjettet raskt nok. Onsdag vedtok derfor Parlamentet nesten samrøystes ein resolusjon som ber Europakommisjonen komme med ein [beredskapsskapsplan](#) innan 15. juni. Denne skal sikre vidareføring av eksisterande program og utbetalingar dersom det ikkje er semje om eit nytt budsjett ved utgangen av året. Kommisjonen kommenterte at dersom den skulle bruke tid på ein slik plan nå, ville det gå utover arbeidet med sjølve langtidsbudsjettet.

Smittesporingsappar og vaksine

Europaparlamentet drøfta onsdag bruk av smittesporingsappar i EU, jf. [pressemeldinga om debatten](#). Både Europakommisjonen, Rådet og mange av representantane sa sporingsappar kan vere eit av fleire verktøy i kampen mot Covid-19. Dette er det også vist til i [Kommisjonens vegkart for reising og europeisk turisme](#) som vart lagt fram denne veka. Det var semje om at bruken må vere frivillig og at appane må følgje strenge personvernreglar. Didier Reyners, EUs justiskommissær, viste til [Europakommisjonen verktøykasse](#) og retningslinjer for bruken av sporingsappar, jf. også omtale i [Stortingets EU/EØS-nytt 16. april i år](#). Han sa det er viktig med lokal lagring av data, at appane ikkje bruker lokasjonsdata og at ulike appar må kunne kommunisere med kvarandre. Dei skal ikkje lagre meir data enn nødvendig og data bør automatisk slettast så snart som mogleg. Dei bør også vere basert på opne kjeldekoder og kryptering av data.

Det var tverrpolitisk semje om hovudliene knytt til vilkåra for innføring av slike appar, ikkje minst at dei må vere frivillige å bruke. Fleire understreka at det ikkje må vere i tillatt å kunne krevje bruk av sporingsappar for å få tilgang til dømes visse bygningar eller for å kunne reise til andre land i EU. Det vart også understreka at politi- og justisstyresmakter ikkje må få tilgang til dei data som bli lagra. Enkelte meinte likevel at appane er eit dårleg verktøy og fokus burde vore på oppbygging av helsesystema i staden. Det vart også vist til at mange har ei naiv tru på at slik appar skal kunne løyse alle utfordringar knytt til normalisering av samfunnet. Appane fjernar ikkje utfordringa om å finne ein balanse mellom helse og økonomi.

Parlamentet drøfta også korleis EU kan bidra til raskare utvikling av ein vaksine mot Covid-19 og korleis alle kan få tilgang til nødvendige og rimelege medisinar under pandemien. Europakommisjonen viste mellom anna har EU lagt til rette for verktøy som skal sikre betre og raskare samarbeid mellom forskarar, og støtte under forskingsprogrammet Horisont Europa til utvikling og utprøving av ulike aktuelle vaksiner. Det er også teke initiativ til å gjere godkjenningssprosedyrane under Det europeiske legemiddelbyrået raskare. Det vart vist til at den internasjonale gjevjarlandskonferansen som er lansert. I debatten om langtidsbudsjettet onsdag sa Kommisjonspresident Ursula von der Leyen at det reviderte framlegget til budsjett vil omfatte framlegg til eit nytt helseprogram.

Situasjonen i Ungarn

Europaparlamentet drøfta torsdag fullmaktslovene som er innført i Ungarn i samband med Covid-19, jf. også [pressemeldinga om debatten](#). Debatten følgde kjende spor, men fekk også merksemd på førehand på grunn av ei ordveksling mellom den ungarske regjeringa og Europaparlamentet. Statsminister Orban foreslo at hans justisminister kunne delta i debatten. Parlamentspresident Sassoli sa det er etablert praksis at berre stats- og regjeringssjefar deltek i slike debattar. Det einaste unnataket er Europa-ministrarar frå eit land som i kraft av å ha EU-formannskapet, representerer Rådet.

Orban deltok ikkje i debatten torsdag. Det gjorde derimot det kroatiske EU-formannskapet som snakka på vegne av Rådet og visepresident Vera Jourova frå Europakommisjonen. Begge viste til at mange land har innført fullmaktslover pga. koronakrisa og at EU nå følgjer nøye med på korleis dei blir brukt og om dei blir oppheva når krisa er over. Jourova sa ho får daglege oppdateringar av situasjonen i Ungarn, men at det ikkje er aktuelt med traktatbrotssak nå. Derimot sa ho at tida er inne for å innføre ein rettsstatsmekanisme i EUs budsjett. Dette var elles del av Kommisjonens opphavlege budsjettframlegg også. I ein svært personleg kommentar la ho vekt på eigne erfaringane med eit totalitært regime under kommunistperioden i heimlandet Tsjekkia.

Innlegg frå alle dei politiske gruppene kritiserte den ungarske regjeringa. Dette inkluderte også innlegga frå sentrum høgre gruppa (EPP) der det ungarske regjeringspartiet er med. Også hovudinnlegga til ECR (ei konservativ gruppe der det polske regjeringspartiet er med) og ytre høgre gruppa Identitet og demokrati (ID) uttrykte uro for utviklinga. Mange viste til at både Rådet og Kommisjonen har vist for lite handlekraft gjennom lang tid. Fullmaktslovene i Ungarn følgjer etter ei lang rekke andre uheldige vedtak det siste tiåret. Fleire stilte spørsmål om kvifor EPP ennå ikkje har ekskludert Fidesz og mange tok til orde for kutt i overføringane til Ungarn om landet ikkje endrar kurs. Framlegget til ein rettsstatsmekanisme i budsjettet fekk dermed brei støtte.

Den ungarske regjeringa fekk støtte frå eit ungarsk medlem av EPP, av ein polske MEP frå ECR og også frå fleire medlemmar av ID. Desse viste mellom anna til at Orban er lovleg vald med eit stort fleirtal og at EU ikkje har noko med å blande seg inn i indre tilhøve i landet. Det er dessutan nå viktigare å få stanse Covid-19 enn å fokusere på prinsipielle diskusjonar om rettssta. Det vart til at også andre land har innført liknande lovar.

Midlertidige reglar for transportsektoren

Europaparlamentet ga fredag tilslutning til fire rettsakter om innføring av midlertidige reglar for å avhjelpe praktiske problem i transportsektoren pga. covid-19-pandemien. Dette omfattar reglar om forlenging av sertifikat og lisensar, reglar for fleksibilitet ved innkrevjing av vederlag for hamneinfrastruktur, reglar for bakkehandteringstenester i luftfarten og forlenga gjennomføringsfrist for to direktiv på jernbaneområdet knytt til sikkerheit og interoperabilitet, jf. [omtale av desse rettsaktene på Stortingets heimeside](#).

Kommentar

Europaparlamentet hadde denne veka eit nesten normalt plenumsmøte i Brussel. Det er innført krav til bruk av ansiktsmasker i Europaparlamentet og mange deltok stadig i møtet via videooppkopling. Opp mot 700 (av i alt 705) representantar deltok i avrøystingane som også denne gongen skjedde ved retur av skanna stemmelister. Det er ennå uklart når det vil skje ei normalisering av drifta i Europaparlamentet. Dette vil mellom anna avhenge av smittesituasjonen i Belgia. Landet har nå nesten 9000 registrerte døde. Det er teke skritt i retning av å oppheve ein del av koronatiltaka, men til dømes vil ikkje skular og restaurantar få opne igjen før i juni.

Debattane følgde i stor grad kjende hovudliner, men det synes som det er aukande oppslutning av at langtidsbudsjettet må ha større del såkalla eigne ressursar. I ein situasjon med økonomiske tilbakegang, kan det kanskje vere lettare å få tilslutning til dette også hos EUs medlemsland. Det var uventa brei oppslutning i kritikken av utviklinga i Ungarn og i kravet om økonomiske konsekvensar for landet. Det står likevel att å sjå korleis dei ulike EU-institusjonane vil reagere dersom ikkje fullmaktslovene blir oppheva når krisa er over Ungarn. Det var også tverrpolitisk semje i synet på bruken av sporingsappar. Spesielt sterkt er signalet om at bruken må vere frivillig og ikkje eit krav for innreise til eit anna land i EU. Dette er i samsvar Europaparlamentets generelle forsvar for høgt personvernivå i mange samanhengar.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no